



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjebø sokneråd

Kyrkjebø, 30.03.24.

Møteprotokoll for Kyrkjebø sokneråd.

Møtedato: 21.03.24. Møtetid: kl. 19.00. Møtestad: Kyrkjebø kyrkje.

Til stades:

Sturla Bell Fossen, Andreas Ester, Irene Aase Aarseth, Jens Ole Årdal, Sjur Håvard Øygaard, Jofrid Nordstrand Forthun, Kari Henny Dale, Ole Ivar Luggenes, Stig Jonny Fitje.

Forfall: Arvid Solås.

Kopi av protokollen går til: Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Ali Kharrat, Heike Muller, Stig Jonny Fitje, postmottak Høyanger kommune.

Sakliste:

Godkjenning av innkalling og sakliste.

Det var ingen merknadar til innkallinga.

Godkjenning av referat frå møte 15.02.24.

Ein merknad: ein av medlemane har ikkje fått referat frå dei to siste møta.

Sidan sist:

Fasteaksjonen har vore gjennomført i Vadheim og ved Kyrkjebø.

Konfirmantar gjennomførte innsamlinga på desse stadane.

Irene var også med bøsse ved butikken på Kyrkjebø.

Ein seier seg nøgd med gjennomføring og resultat.

Den 03.03.24, vart det halde årsmøte i Kyrkjebø kyrkje.

Konfirmantar har fått delteke i samtalegudsteneste.

Gravplassen er rydda opp og gravstøtter er tilbakemontert etter trefelling og beskjæring av dei store trea rundt gravplassen.

Post:

Postlista vart gjennomgått og kommentert.

Årshjulet:

Årshjulet er ajourført fram til dagens møte.

Soknepresten har ordet.

Teksten handla om tida frå då Jesus kom til Jerusalem, til han vart krossfest.

M.a. høyrer vi om då Jesus vart salva med kostbar salve av ei kvinne.

Læresveinane likte det ikkje og synest det var sløsing med midlar, som ein

kunne ha gjeve til hjelp for dei fattige. Soknepresten snakka vidare litt om kor

viktig denne handlinga er og kva den kan ha å fortelje oss i tida vi lever i.

Meldingssaker:

Sak 240009: Barnehage og skuleklassar i kyrkja.

1. og 2.-klassingar frå Kyrkjebø skule, har vore på besøk i Kyrkjebø kyrkje, der dei fekk fortalt litt om kvifor vi feirar påske.

Irene var med.

Barnehagen og minikonfirmantar har også hatt samlingar og vore på kyrkjebesøk og det var gode tilbakemeldingar å høyre.

Sak 240010: Møte i HKF.

Lysing etter kantorstilling er gått ut og søknadsfrist sett.

Tilsettingsutval er valgt.

Leiar gjorde vidare greie for vedtak i høve refusjon av utgifter soknet har hatt i samband med trefelling og beskjæring av tre på kyrkjegarden.

Det vart gjort vedtak i fellesrådet om at pengane vert refunderte.

Sak 240011 Verdiåret 2024.

Soknepresten orienterte om at kommunen, ved m.a. ordførar, er orientert om planane rådet har med å avhalde lokale arrangement i samband med verdiåret.

Medlemene drøfta vidare;

- praktisk gjennomføring.
- kva stader det kan avhaldast.
- kor vidt skal tema famne?
- kva for tema kan vere aktuelle?
- aktuelle kandidatar å spørje i høve møteleing.
- kva verdiar er viktige for kyrkja og kva kan kyrkja bidra med?
- ungdomen sine utfordringar i høve sosiale media og eigne meiningar.

Etter drøftingane, var ein samde om at Andreas tek saka vidare og utarbeider ei konkret plan for arrangementet.

Kyrkjeverja informerer:

På møtet deltok kyrkjeverje Stig Jonny Fitje og han informerte medlemene i rådet litt om det daglege arbeidet han utfører i stillinga si.

Av arbeidsområder han nemnde var fylgjande:

- arbeidet med gravplassane, mange spørsmål frå pårørande.
 - vedlikehald av kyrkjebygg, brannalarmer etc.
 - vedlikehald av gravplassar og uteområder.
 - arbeid opp mot kommuneleing og administrasjon.
 - arbeidsfordeling kyrkjeverje/sekretær.
 - dagleg kontorarbeid, e-post, heimesider, helgestunder m.m.

Kyrkjeverja hadde ynskje om å få tilbakemeldingar, både av det gode og mindre gode slaget.

Vedtaksaker:

Sak 0008/24: Dugnad på gravplassane.

Vedtak:

Med atterhald om lagleg ver, vert dugnad på gravplassane avvikla onsdag den

10.04.24. i tidsrommet 17.00 – 20.00.

Alternativ dato vert same vekedag og tidspunkt i påfølgjande veke.

Irene og Sturla ordnar med plakatar i Vadheim og på Kyrkjebø.

Kari ordnar mat og kaffi på Kyrkjebø. Sturla har ansvar for det i Vadheim.

Samrøystes

Sak 0009/24: Trusopplæringsplan.

Vedtak:

Trusopplæringsplan for 2024-2025 vert vedteken slik den føreligg.

Samrøystes.

Sak 0010/24: Salmebok som gåve til dåpsfamiliane.

På møtet fekk alle rådsmedlemene høve til å uttale seg i saka og kom fram til:

Vedtak:

Dåpsborn i Kyrkjebø og Vadheim sokn vil få ei Norsk Salmebok i gåve.

Barnet sitt namn og ei helsing frå presten er skriven inn i boka.

I tillegg får alle foreldre dåps- lys og klut.

Samrøystes.

Sak 0011/24: Avslutningsarrangement for Gerda Otterstein.

Vedtak:

Kyrkjebø sokneråd påtek seg oppgåva skissert i HKF sitt vedtak, og vel desse til komitè for å planlegge markeringa av G Otterstein si avslutning som kontor i Høyanger: Kari, Helga Hjetland og Sturla.

Samrøystes.

Sak 0012/24: Gudstenestelista.

Vedtak:

Gudstenestelista fram til 30.06.24 vert vedteken slik den føreligg.

Samrøystes.

Sak 0013/24: Konsert med barnekor frå Høyanger.

Soknerådet drøfta saka, og ein såg at programmet for juni var rimeleg tettepakka, ved m.a at to andre konsertarrangement er planlagt arrangert.

Vedtak:

Ein utset å arrangere konserten med Høyanger barnekor til hausten.

Samrøystes.

Ymse: Bosstøpping før påske ordnar Irene og Sturla

Påskevandringa står oppe frå palmelaurdag til over pinse.

Referent:

Jens Ole Årdal

soknerådsmedlem.